


Bok på 1-2-3



Martin skomakar

Av Leo Tolstoj

Illustrert av Masahiro Kasuya

Tverrfagleg undervisningsopplegg for barnetrinnet 1.–4. i norsk og samfunnsfag.

Tid: 90 minutt

Omtale

Martin skomakar er ein barneklassikar av den russiske forfattaren Leo Tolstoj (1828–1910). Denne utgåva er illustrert av Masahiro Kasuya.

Martin skomakar sit og arbeider då han høyrer ei stemme i rommet som seier at ho kjem og ser innom i morgon. Dette får den trufaste skomakaren til å undre seg. Vi får bli med Martin gjennom nokon merkverdige dagar.

Utstyr og førebuing

- Kople opp pc med tilgang til nett og prosjektor. Finne fram boka på Nasjonalbiblioteket sine nettsider:
https://urn.nb.no/URN:NBN:no-nb_digibok_2017072107031
- Gjer rommet stemningsfylt for advent, lesestund og teaterleik innan elevane kjem inn i rommet. Dette bidreg til dramaturgisk og estetisk erfaring i ein sanseleg, didaktisk kontekst.
- Legg til rette for teaterleik (rom med god plass til fysisk og estetisk utfolding).
- Skriv ein fin lapp til kvar enkelt elev med noko positivt om eleven (skal ikkje vere om utsjånad eller materielt). Det er valfritt om dette skal gjerast av læraren eller elevgruppa.
- På vekeplanen kan elevane utføre ei god gjerning til nokon som treng det.

Formål

etter læreplanen frå 2020

Norsk etter 4. trinn

- Gi uttrykk for eigne tankar og opplevingar om barnelitteratur
- Uttrykke tankar om språk, personar og handlingar i skjønnlitterære tekstar frå ulike tider og kulturar.
- Samhandle med andre gjennom leik og dramatisering. .

Samfunnsfag etter 4. trinn

- Drøfte oppfatningar av rettferd og likeverd.
- Skape og illustrere forteljingar om menneske som lever under ulike vilkår, og samanlikne vilkår.



1 Før lesing

(5 minutt)

- Sjå og opplev framsida av boka saman. Læraren spør: Kva ser de?
- Les omtalen av forfattaren og boka for elevane.

2 Lesing

(25 minutt)

- Les boka. Ta dykk god tid. Legg til rette for refleksjon og å kunne vere til stades i teksten.

3 Etter lesinga

(15 minutt)

- Læraren spør: Korleis opplevde de boka?
- Korleis kan vi bidra til at små og større miljø/samfunn kan ha det bra? Kva kan vi gjere for menneske, dyra og naturen? Tilpass spørsmålet etter trinn og mogning. Gi konkrete døme. Gi rom for undring.
- Gjer dykk litt kjende med hjelpeorganisasjonar som til dømes Unicef: <https://www.unicef.no/>
- Gi kvar enkelt elev lappen med det positive.

4 Aktivitet

(45 minutt)

Leik med teater og Martin skomakar

Del trinnet inn i grupper. Fordel rollene Martin skomakar, stemma, Stefan gatefeiar, ei mor og eit barn, torgkona og ein liten gut. Du som lærar tilpassar gruppene etter alder, mogning og gruppedynamikk.

Legg til rette for teaterleik. Det kan gjerast slik:

<https://nynorsksenteret.no/blogg/nynorsk-barnelitteratur-og-teaterleik-med-barn>

Vis for kvarandre dersom de ønsker det.

Kjelder:

- Østern, A-L. (2010). Estetisk tilnærming til læring. I S.S. Hovdenak & O. Erstad (Red.), *Kunnskap i skolen* (s. 181–198). Trondheim: Tapir Akademisk Forlag.
- Østern, A-L. (Red.). (2014). *Dramaturgi i didaktisk kontekst*. Bergen: Fagbokforlaget.